

Informasjon om smittsam hjernehinnebetennelse

Kva er smittsam hjernehinnebetennelse (meningokokksjukdom)?

Sjukdomen kjem av meningokokkbakteriar. Det finst ulike typar sjukdomsframkallande meningokokkbakteriar. Dei vanlegaste blir kalla A, C, W, Y og B. Friske personar kan ha meningokokkar i halsen utan å vite om det. Få av desse blir sjuke, men dei kan smitte andre.

Hos enkelte som blir smitta, går bakteriane over i blodet. Derifrå kan bakteriane finne vegen til hinnene rundt hjernen og gi hjernehinnebetennelse. Andre gonger kan bakteriane formeire seg i blodet (blodforgifting) og skade viktige organ. Sjukdomen utviklar seg ofte raskt, og rundt 10 % av dei som får han, døyr.



Kvifor er ungdom spesielt utsett?

Friske ungdomar har oftare meningokokkar i halsen enn andre. Ei forklaring kan vere at dei er meir utsette for smitte på grunn av tett samvær med andre, festing med høgt alkoholforbruk og lite søvn. Sidan sjukdomen utviklar seg raskt, er det svært viktig å komme tidleg til sjukehusbehandling. Fyllesjuke, utmatting og meningokokksjukdom kan likne på kvarandre. Ta ansvar dersom du trur at nokre av venene dine kan vere sjuke, særleg dersom dei er «sløve» (har redusert bevisstheit).

Korleis kan ein verne seg?

Risikoen for å utvikle meningokokksjukdom er lågare dersom du ikkje deler flasker og glas med andre, får nok søvn, har eit lågt alkoholforbruk og unngår røyking eller passiv røyking. Det er òg mogleg å vaksinere seg. Folkehelseinstituttet tilrår at ungdom i alderen 16–19 år vurderer å vaksinere seg mot meningokokk A+C+W+Y-sjukdom (med eindosevaksinen Menveo® eller Nimenrix®). Dei siste fem åra har vi hatt 22 sjukdomstilfelle som kunne ha vore førebyggt med slik vaksine i denne aldersgruppa.

Det finst ein vaksine som vernar mot meningokokk B-sykdom (Bexsero®). Førekomsten av denne sjukdommen er for tida lav, og vaksinen er ikkje tilgjengeleg i Noreg no.

Når bør ein eventuell vaksine takast?

Etter at vaksinen er sett, tek det omtrent to veker før han gir vern. Det blir tilrådd at ungdom som ønskjer å vaksinere seg før russefeiringa, gjer dette i god tid. Vernet varer i fleire år, slik at vaksinasjon tidleg på vidaregåande òg gir vern i russetida. Som ved annan vaksinasjon kan vaksinen gi biverknader hos enkelte. Dei vanlegaste biverknadene er raud hud og ømheit på stikkstaden og uvelkjensle med hovudverk eller kvalme.

Kva kostar vaksinane?

På lik linje med andre vaksinar som ikkje blir tilbydde i barnevaksinasjonsprogrammet, må desse vaksinane betalast av kvar enkelt. Du kan få vaksinen hjå fastlegen, helsesøster eller på ein vaksinasjonsklinik. Menveo® eller Nimenrix® kostar ca. kr 400 per dose inkludert mva. og legemiddelavgift. I tillegg kan du måtte betale eit gebyr for å få sett vaksinen.